# Handlingsplan 2021

USHT Vestland (Sogn og Fjordane)

Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester
VESTLAND (Sogn og Fjordane)

Sunnfjord kommune

## Innhald

**1.0 Innleiing** .... 3
**2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag** .... 4
**2.1 Målgruppe** .... 4
**2.2 Satsingsområder** .... 4
**2.2 Metodar for å løyse samfunnsoppdraget** .... 5
**2.3 Finansiering** .... 5
**3.0 Organisering og samarbeid** .... 6
**3.1 Tilsette** .... 6
**3.2 Fag- og samarbeidsråd** .... 7
**3.2 Samarbeidspartar** .... 8
**4.0 Satsingsområde 2021** .... 8
**4.1 Oversikt over planlagde aktivitetar 2021:** .... 10

## 1.0 Innleiing

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) er ei nasjonal satsing, og har vore eit av virkemidla for å realisere måla i sentrale nasjonale styringsdokument sidan 2011. Helsedirektoratet delfinansierer sentra og gir årlege føringar for USHT sin aktivitet. I perioden 2019 til 2023 er utviklingssentra ein del av det regionale støtteapparatet for Meld.St.15 Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre.

Sunnfjord kommune er vertskommune for USHT Vestland (Sogn og Fjordane), og er pådrivar for å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene i kommunane i Sogn og Fjordane-regionen. Arbeidet skal tilpasse seg lokale behov og variasjonar, bygge på eksisterande kunnskapsarbeid, ny kunnskap, forsking og nasjonale føringar.

Handlingsplan 2021 gir ei oversikt over prioriterte satsingsområde og planlagde aktivitetar for perioden. Samstundes fylgjer vi opp førespurnader og aktuelle problemstillingar fortløpande. Organisering og val av metodar/arbeidsmåtar er forankra i samfunnsoppdraget. USHT Vestland (Sogn og Fjordane) legg stor vekt på å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar, ta utgangspunkt i den enkelte kommune/teneste sine behov og gjere lokale tilpassingar.

Kompetansen i USHT, forankring og støtte i vertskommunen og eit godt samarbeid med praksisfeltet, utdannings- og forskingsinstitusjonane er viktige føresetnad for å lykkast med pådrivarrolla i fag- og tenesteutvikling i kommunehelsetenesta.

**Nasjonale innsatsområder for 2021:**

- Kvalitetsreforma Leve heile livet
- Demensplan 2025
- Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring
- Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming
- Velferdsteknologi

**Vår visjon - Utvikling gjennom kunnskap!**

# 2.0 USHT sitt samfunnsoppdrag

Det overordna samfunnsoppdraget gitt til USHT av Helsedirektoratet er å bidra til å styrke kvaliteten i helse- og omsorgstenestene gjennom fag- og kompetanseutvikling og spreiing av ny kunnskap, nye løysingar og nasjonale føringar.

USHT skal vere ein ressurs for kommunane i regionen og bidra til fag- og tenesteutvikling innanfor satsingsområda, fremje samarbeid og legge til rette for deltaking.

## 2.1 Målgruppe

Målgruppa til det enkelte utviklingssenter er leiarar og andre tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene, først og fremst i sjukeheim og heimebaserte tenester. Utviklingssentra skal ha eit bredt fagleg perspektiv og inkludere tenester til alle pasient- og brukargrupper, som personar med somatiske og psykiske sjukdommar, rusavhengigheit eller utviklingshemming.

## 2.2 Satsingsområder

Utviklingssentra skal bidra til at dei kommunale helse- og omsorgstenestene fornyar og forbetrar seg innanfor følgande satsingsområder:

**Utvikling i samarbeid med pasientar, brukarar og pårørande**
Tenestetilbodet skal utviklast saman med pasientar, brukarar og pårørande. Det inneber at kommunane må aktivt innhente pasient/brukar og pårørande sine synspunkt når tilbodet til den enkelte blir utforma, og involvere dei i forbetringsarbeid på teneste- og systemnivå.

**Fagleg omstilling i tenestene**
Utvikle tenestene gjennom fagleg omstilling, kompetanseutvikling og implementering av nye arbeidsmetodar og organisasjonsformer.

**Den nye heimebaserte tenesta**
Nye brukargrupper med komplekse helsefaglege utfordringar og omfattande psykososiale behov krev utvikling av meir omfattande og avanserte heimebaserte tenester.

**Fornying og innovasjon**
Gode tenester i framtida vil krevje at kommunen tek i bruk ny kunnskap og nye løysingar. Lokalt innovasjonsarbeid kan skje i samarbeid mellom kommunar, helseføretak, fagfolk, tenestemottakarar, kunnskaps- og forskingsmiljø, organisasjonar og/eller næringslivet.

## 2.2 Metodar for å løyse samfunnsoppdraget

Utviklingsentra skal:

- legge til rette for samarbeid og kunnskapsdeling mellom kommunane gjennom nettverk og arena for leiarar og tilsette
- bidra til utvikling av kunnskapsbasert praksis
- bidra til innovasjon og nye løysingar, og implementering av desse
- tilby råd og rettleiing, metodar og verktøy i fagutviklings- og forbetringsarbeid
- medverke og legge til rette for forsking som er praksisnær og relevant for kommunale helse- og omsorgstenester

## 2.3 Finansiering

Utviklingssentra blir finansiert gjennom årlege tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotsramma er gitt i Statsbudsjettet, og i 2021 kan kvart USHT søke om kr 2 235 000. Vertskommunen har krav om medfinansiering og i dag dekker Sunnfjord kommune eitt årsverk og kostnader til administrasjon/lokale m.v.

USHT Vestland (Sogn og Fjordane) søkjer i tillegg ulike tilskotsmidlar til prosjekt/utviklingsarbeid frå Statsforvaltaren i Vestland og Helsedirektoratet, og har ekstern finansiering ved å delta i forskingssamarbeid.

## 3.0 Organisering og samarbeid

Utviklingssentra skal vere knytt til eit fagutviklingsmiljø i vertskommunen.
USHT Vestland (Sogn og Fjordane) er lagt direkte under kommunedirektøren i stabseininga Fagutvikling.
Kommunalsjef for omsorg har det overordna leiaransvaret.




### 3.1 Tilsette

| Namn | Stilling | Fagbakgrunn | Kontaktinformasjon |
|---|---|---|---|
| **Marta Strandos** | Leiar USHT | Sjukepleiar. Master i organisasjon og leiing. | Marta.Strandos@sunnfjord.kommune.no<br>Tlf: 41 52 64 16 |
| **Annette Eri Norevik** | Utviklingskoordinator | Psykiatrisk sjukepleiar. Master i avansert klinisk sjukepleie. | Annette.Eri.Norevik@sunnfjord.kommune.no<br>Tlf: 47 36 71 11 |
| **Berit Ullebust** | Utviklings- og kreftkoordinator | Kreftsjukepleiar. Master i kunnskapsbasert praksis | Berit.Helen.Ullebust@sunnfjord.kommune.no<br>Tlf: 94 82 42 54 |
| **Liselotte Norman** | Utviklingskoordinator | Psykiatrisk sjukepleiar. | Liselotte.Norman@sunnfjord.kommune.no<br>Tlf: 57 61 26 80 |
| **Kjell Olav Bondevik** | Prosjektleiar | Geriatrisk sjukepleiar | Kob@luster.kommune.no<br>Tlf: 92 87 27 97 |
| **Toril Marie Terum** | Utviklingskoordinator | Sjukepleiar. Master i helse og sosialfag. Phd stipendiat | Toril.marie.terum@sunnfjord.kommune.no<br>Tlf: 99 61 05 34 |
| **Anne Marte Sølsnes** | Utviklingskoordinator | Fysioterapeut. Master i helse og sosialfag. | anne.marte.solsnes@sunnfjord.kommune.no<br>Tlf: 97 12 14 21 |

## 3.2 Fag- og samarbeidsråd

Fag- og samarbeidsråd gir råd og støtte i tråd med samfunnsoppdrag og definerte innsatsområder.
Det blir gjennomført to møter i året (januar/februar og september/oktober).

| Organisasjon | Namn |
|---|---|
| **Statsforvaltaren i Vestland** | Anne Eli Wangen |
| **Helse Førde** | Kari Holvik Furevik |
| **Høgskulen på Vestlandet (HVL)** | Dagrun Kyrkjebø |
| **Vestland Fylkeskommune** | Siri Ingvaldsen |
| **Senter for omsorgsforskning vest** | Anne Marie Sandvoll |
| **Brukarutvalet i Sogn og Fjordane** | 2 representantar (nyval) |
| **Norsk Sykepleierforbund, Sunnfjord** | Christine Toft Figenskau |
| **Delta** | Torunn Solheim |
| **Kommunalsjef Stryn, leiar Helse- og omsorgsutvalet (KS)** | Heidi Vederhus |
| **Kommunalsjef Fjaler** | Kjersti Valvik |
| **Kommunalsjef frå Sogneregionen** | |
| **Kommunalsjef Sunnfjord** | Kirstin Bruland |
| **USHT Vestland (Sogn og Fjordane)** | Marta Strandos |

## 3.2 Samarbeidspartar

USHT skal gjennom sitt samfunnsoppdrag samarbeide med Helsedirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland, Senter for omsorgsforskning vest og andre utviklingssenter.

Representasjonen i fag- og samarbeidsrådet avspeglar viktige samarbeidspartar lokalt. I tillegg samarbeider USHT Vestland (Sogn og Fjordane) med:

- KS Vest
- Interkommunal samhandlingskoordinator
- Vestlandsforsking / IT-forum Vest
- Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse
- Kompetansesenter i lindrande behandling
- Regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM)
- Universitetet i Stavanger
- Helseforsking Sogn og Fjordane
- Regionalt samarbeid med utviklingssentra på Vestlandet

# 4.0 Satsingsområde 2021

Helsedirektoratet har peika ut fem satsingsområde for 2021 som dei ber utviklingssentra prioritere. Handlingsrommet ligg i den lokale tilpassinga og behova til kommunane i regionen. Etter ein kort omtale av kvart hovudområde, kjem ein oversikt (tabell) som viser våre planlagde aktivitetar for 2021.

**Kvalitetsreforma Leve heile livet**
I arbeidet med eldrereforma Leve heile livet er utviklingssentra ein del av det regionale støtteapparatet i samarbeid med Statsforvaltaren og KS. USHT skal særskilt tilby kommunane råd og rettleiing i metodar og verktøy i fagutviklings-, forbetrings- og implementeringsarbeid. Leve heile livet er ein paraply for andre nasjonale satsingar, og det gjeld òg for vår aktivitet. Vi vil difor bidra til å synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom ulike prosjekt/utviklingsarbeid. Kommunane sine behov er førande for våre aktivitetar.

**Demensplan 2025**
USHT skal bidra til at kommunane planlegg og gjennomfører sine tenester i tråd med mål, satsingsområde og tiltak i Demensplan 2025. Personsentrert omsorg, heilskapleg tenestetilbod og kompetanse er prioriterte områder for oss i 2021. Kommunar som ynskjer det kan få rettleiing og oppfølging i sitt arbeid av USHT og ressurspersonar vi har samarbeid med.

**Pasienttryggleik og kvalitetsforbetring**
USHT skal tilby kommunane råd og rettleiing i arbeidet med kompetanse og metodar som understøttar systematisk arbeid med pasienttryggleik, kvalitetsforbetring og klinisk observasjonskompetanse, i tråd med Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgssektoren. Arbeidet blir sett i samanheng med initiativ knytt til Leve heile livet reforma.. Vi søkjer om tilskotsmidlar innanfor lindrande behandling. Eventuelle midlar vil gje oss mogelegheiter for vidareutvikle ei mangeårig satsing, og spreie til andre kommunar i regionen. I samarbeid med KS og FHI startar vi opp læringsnettverk i Gode pasientforløp, og vurderer ny oppstart av forbetringsutdanninga i samanheng med det.

**Kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming**
Våren 2021 skal Helsedirektoratet publisere ny rettleiar om helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming. USHT skal bidra til å gjere denne kjend i kommunane. I tillegg vil kompetanseheving via Mitt livs ABC bli prioritert. Etablere samarbeid / nettverk mellom aktuelle fagmiljø vil vere med å styrke oss i dette.

**Velferdsteknologi**
Å sikre bærekraftige tenester framover, krev nye arbeidsmetodar, breiddekompetanse, tverrfagleg teamarbeid, koordinering og bruk av velferdsteknologi. Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet (NVP) har som mål å bidra til god helse og meistring i befolkninga og bærekraftige helsetenester i kommunane. Programmet blir vidareført ut 2021, og det vil vere behov for fagleg rettleiing regionalt og lokalt knytt til velferdsteknologi.

Velferdsteknologi har vore eit prioritert område i USHT Vestland (Sogn og Fjordane) sidan 2014. Vi held fram med det i 2021 gjennom å leie prosjektet i Sogn og Fjordane (NVP), etablerer og sikrar overgang til E-helse Vestland. Vi har eit særskilt fokus på kompetanse og tilbyr mellom anna Velferdsteknologien ABC.

## 4.1 Oversikt over planlagde aktivitetar 2021:

<table>
<tr><th colspan="4">LEVE HEILE LIVET</th></tr>
<tr><th>Prosjekt/aktivitet</th><th>Tid</th><th>Tiltak 2021</th><th>Involverte</th></tr>
<tr><td>Del av regionalt støtteapparat i Vestland</td><td>2019-2023</td><td>Det regionale støtteapparatet<br>- Aktiv deltakar i koordineringsgruppa og arbeidsgrupper<br>- Bidra til rapportering og revidering av gjennomføringsplan 2021<br>- Dialog og erfaringsdeling med andre regionar<br><u>Planlagde aktivitetar våren 2021:</u><br>- Dialogmøte med kvar kommune i regionen (17)<br>- To webinar: analyse/analyseverktøy og transport (samarbeid med Agder og Rogaland)<br>- «Mat for eldre»: Ferdigstille podcast og arrangere fagdag om tema<br>- Nyhendebrev<br>- Nettverk for kontaktpersonar i kommunane i Vestland<br>- Utarbeide oversikt over eksisterande nettverk i vår region, og saman med kommunane vurdere behovet for nye/andre nettverk.<br><br>USHT sitt eige fokus på Leve heile livet:<br>- Tilby støtte/rettleiing til kommunane ut frå deira behov<br>- Nytte USHT sin metodekompetanse i møter/workshop og overfor enkeltkommunar ut frå etterspurnad<br>- Tilby opplæring innan metode (t.d. forbetringsutdanning, etikkveiledarar)<br>- Spreie informasjon og kunnskap om reforma på etablerte møteplassar, samt kva rolle støtteapparatet har<br>- Spreie informasjon om tilskotsordningar, rettleie i søknadsprosessen og vere i dialog rundt mogeleg samarbeid med kommunane<br>- Dialog/erfaringsdeling mellom USHT-ane nasjonalt og Helsedirektoratet</td><td>USHT (ansvarleg, samarbeidspart), Statsforvaltaren i Vestland, KS, Senter for omsorgsforsking, Eldreråda fylke/kommune m.fl. (utvida støtteapparat)</td></tr>
</table>

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator** | 2021 | Vidareføre det tette samarbeidet mellom USHT og samhandlingskoordinator i lokalt utviklingsarbeid. Overfor kommunane ynskjer vi i 2021 å ha særskilt fokus på:<br>- Å synleggjere samanhengar i nasjonale føringar<br>- Dra parallellar i samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta, kommunane og USHT sine satsingsområder<br>- Samarbeide om læringsnettverket Gode pasientforløp<br>- Helsefellesskap: Samhandlingskoordinator følgjer prosessen og bidreg med innspel knytt til andre føringar og lokale behov | **USHT (samarbeidspart),** KS, Sunnfjord kommune |
| **DEMENSPLAN 2025** | | | |
| **Heilskapleg tenestetilbod til personar med demens og deira pårørande** | 2020-2021 | Tilby kommunar rettleiing, opplæring og støtte for å etablere eit heilskapleg tenestetilbod. Samordne med kommunane sitt arbeid med Leve heile livet.<br><br>Spreie erfaringar frå tidlegare prosjekt/utviklingsarbeid, særskilt arbeidet med demens i Sunnfjord kommune<br><br>Tilby kurs via Aldring og helse:<br>- Basal demensutgreiing for fastlegar, dagskurs<br>- Basal utgreiing av kognitiv svikt og demens (legar, demensteam), to-dagars kurs | **USHT (ansvarleg).** Ressursgruppe: Luster kommune, Sunnfjord kommune, Helse Førde. |
| **Demensvenleg samfunn** | 2021 | Fylgje opp den nasjonale informasjonskampanjen om demens i samarbeid med lokallag i Nasjonalforeningen for folkehelsen. Vere aktive i å dele kunnskap, informasjon om aktivitetar m.v. i sosiale medium.<br><br>Undervise på «Pårørandeskulen» og «Demensvennleg samfunn». | **USHT (ansvarleg),** HVL, Nasjonalforeningen for folkehelse/ lokale demensforeiningar |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Heilskaplege tenesteforløp til personar med demens og deira pårørande, Sunnfjord kommune** | 2020-2021 | Sunnfjord kommune har starta eit utviklingsarbeid med fokus på det heilskaplege tenesteforløpet til personar med demens og deira pårørande. Arbeidet er ein del av prosessane rundt kommunesamanslåinga, og bygger på kunnskap og erfaringar frå tidlegare prosjekt/utviklingsarbeid, m.a. «Systematisk oppfølging etter demensdiagnose».<br><br>USHT bidreg med:<br>- Rettleie/ fasilitere arbeidsprosessen<br>- Bidra med fagkunnskap, erfaringsdeling frå andre kommunar/prosjekt både lokalt og nasjonalt<br>- Leie arbeidsgruppe knytt til kompetanse | **USHT (samarbeidspart),**<br>Sunnfjord kommune |
| **Implementering av personsentrert omsorg** | 2020- | Tilby kommunar kurs i **VIPS praksismodell** og **TID**<br><br>Delta på kurhaldarkurs:<br>- **VIPS-** 3-4 frå USHT (vår-21)<br>- **TID –** 2 frå USHT når det blir arrangert | **USHT (ansvarleg),**<br>Luster kommune,<br>Sunnfjord kommune,<br>Aldring og helse |
| **Forskingsprosjektet KONTAKTnett:**<br><br>IKT-støtta verkty for nettverksbygging, læring og kommunikasjon for pårørande til personar med demens | 2017-2021 | Prosjekteigar. Administrasjon og kontakt med Regionalt Forskingsfond Vest.<br><br>Deltek i arbeidet med utvikling av IKT verktøyet (App).<br><br>Utprøving og evaluering av prototyp<br>- Rekruttere pårørandenettverk<br>- Bistå prosjektleiar med informasjon og evaluering | **USHT (ansvarleg i samarbeid med HVL),**<br>Sunnfjord kommune, HVL, Conexus, Norsk Regnesentral |
| **Pårørandestress ved demenssjukdom** | 2017-2021 | Delfinansiering av PhD.<br><br>Ferdigstille samanfatning (kappe).<br>Planlagt innlevering våren 2021 med påfølgande disputas | **USHT (samarbeid)**<br><br>SESAM, Norsk forskingsråd, HVL, Helse Førde. |

| KVALITETSFORBETRING OG PASIENTTRYGGLEIK | | | |
|---|---|---|---|
| **Prosjekt/aktivitet** | **Tid** | **Tiltak 2021** | **Involverte** |
| **Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg** | 2014- | Samordne med satsingar og aktivitetar knytt til Leve heile livet, Demensplan 2025 og pasienttryggleik.<br><br>Arrangere to fagdagar i 2021:<br>- Mars: Åtferdsforstyrringar og psykiske symptom ved demens<br>- Oktober: Tidleg oppdaging av forverra tilstand/ KlinObsKommune<br>Eiga samling for ressurspersonane i nettverket: Fokus på forbetringsarbeid og erfaringsdeling.<br><br>Møter i drifts- og styringsgrupper. | **USHT (ansvarleg saman med Helse Førde/SESAM)** |
| **Forbetringsutdanning for kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde** | 2020-2021 | Føremålet er å styrke kompetansen i forbetringsmetodikk for leiarar og ressurspersonar i kommunane og helseføretaket.<br><br>Utdanninga er inspirert Nordisk forbetringsagentutdanning i regi av Trygge Hender 24/7 (Helsedirektoratet). Innhald og opplegg bygger på tilsvarande utdanning i Helse Vest, og er eit samarbeid mellom USHT og Helse Førde.<br><br>Aktivitetane i 2020 er forskyvd med 6 mnd. og held fram i 2021:<br>- Fire digitale halvdags-samlingar (jan-mars)<br>- Rettleie deltakande team i deira forbetringsarbeid<br>- Evaluering i samarbeid med Universitet i Stavangar<br><br>Vurdere innhald, form og eventuell ny oppstart i haust (evaluering, samordne med Gode pasientforløp, dialog med andre USHT). | **USHT (ansvarleg),** Helse Førde/Helse Vest, støtta av Statsforvaltaren i Vestland. |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Klinisk observasjonskompetanse** | 2020-2021 | Tilpasse og prøve ut eit undervisningsprogram basert på KlinObsKommune etter opplegget «train the trainer»:<br>- Samarbeid med ambulansetenesta i Helse Førde<br>- Forankring og utprøving av programmet i ein kommune<br>- Evaluering<br>- Spreiing til øvrige kommunar i Sogn og Fj. | **USHT (ansvarleg),** Askvoll kommune, Ambulansetenesta i Helse Førde. |
| **Forskingsprosjektet SAFE- LEAD:**<br><br>Leiing av kvalitet og tryggleik i kommunehelsetenesta | 2020-2021 | Aktivitetar 2021:<br>- Dataanalyse<br>- Artikkelskriving<br>- Publisering, innlegg på konferansar | **USHT (samarbeidspart),** Universitetet i Stavanger |
| **ABC opplæringsmodell** | 2020 | Fylgje opp underleverandøravtalar med Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse.<br><br>**Planlagde seminar våren 2021:**<br>Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 1<br>Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 1<br>ABC Musikkbasert miljøbehandling<br><br>**Planlagde seminar hausten 2021:**<br>Demensomsorgas ABC perm 2, fagseminar 2<br>Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 2<br>Demensomsorgas ABC perm 1, fagseminar 1 for Sunnfjord kommune<br><br>Arrangere årlege møte med kommunekontaktane. | **USHT (ansvarleg),** Aldring og helse |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Lindrande behandling** | 2020- | **Implementering av tiltakspakke «Livets siste dagar» og Palliativ plan i Sunnfjord kommune:**<br>- Samarbeide med ressurssjukepleiarnettverket for lindrande behandling i kommunen<br>- Fasilitere og organisere implementeringsarbeidet på tvers av einingar<br>- Sjå det i samanheng med «Lindrande behandling i sjukeheim» (Søkjer tilskotsmidlar)<br>- Rapportere til Helsedirektoratet | **USHT (rettleie),** Sunnfjord kommune, Kreftforeningen og Kompetansesenteret i lindrande behandling og kreftomsorg, Helseregion Vest |
| | 2021-2022 | **Lindrande behandling i sjukeheim**<br>Fokus på lindrande behandling til sårbare eldre med kognitiv svikt og deira pårørande<br>- Søke midlar frå Helsedirektoratet mars -21<br>- Forankring hos leiarar/ressurspersonar i sjukeheim<br>- Utarbeide innhald og organisering<br>- Implementere i to sjukeheimsavdelingar i Sunnfjord kommune 2021. Tilby / spreie til andre avdelingar og kommunar i 2022.<br>- | **USHT (ansvarleg),** Sunnfjord kommune, Nettverket av ressurssjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane |
| | 2020-2021 | **Kompetanseheving innan lindrande behandling:**<br>Spreiing av digital opplæringspakke for helsefagarbeidarar<br>- Samarbeid med Nettverk av ressurssjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane<br>- Forankring hos leiarar i tenestene<br>- Rettleie mentorar (ressurssjukepleiarar)<br>- Organisere seminar, hente erfaringar frå andre USHT | **USHT (ansvarleg),** Nettverket av ressurssjukepleiarar i lindrande behandling og kreftomsorg i Sogn og Fjordane |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Etikk i kommunale helse- og omsorgstenester** | 2019-2023 | **Samarbeid med KS si satsing på etisk kompetanseheving.**<br>Tett kopla til arbeidet i det regionale støtteapparatet for Leve heile livet. Følgjer opp kommunane gjennom:<br>- Dialogmøta i Leve heile livet<br>- Læringsnettverket Gode pasientforløp<br>- Legge til rette for erfaringsdeling i etablerte nettverk/møtefora<br>- Tilby opplæring av etikkveiledarar, rettleie og støtte i den enkelte kommune ut frå kommunane sine behov/etterspurnad | **USHT (samarbeidspart),** KS |
| **Gode pasientforløp – læringsnettverk** | 2020-2022 | Oppstart av læringsnettverket Gode pasientforløp i regi av KS og Folkehelseinstituttet (FHI). USHT er lokal medarrangør. 13 av 17 kommunar er påmeldt, der ein kommune stiller med to team. Helse Førde er påmeldt med 4 team. Læringsnettverket blir for første gang gjennomført digitalt<br><br>Aktivitetar 2021:<br>- Tett samarbeid med FHI og KS i planlegging, lokal tilpassing, gjennomføring og evaluering<br>- Førebuande møte med teamleiarane 10.februar<br>- Første samling 3.-4.mars<br>- Andre samling 9.-10. juni<br>- Tredje samling 1.-2. desember<br>- USHT har ansvar for rettleiing av teama mellom samlingane, med oppfølging frå FHI/KS. | **USHT (samarbeidspart),** KS, FHI, Helse Førde |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Polyfon** | 2017- | Fornye medlemskapet gjennom partssamarbeid med Helse Førde og Vestland fylkeskommune.<br><br>Involvere USHT-ane i Hordaland, Helse Fonna og Rogaland. Knytte det til pågåande aktivitetar og arbeidet med Leve heile livet.<br><br>Delta på møter lokalt og regionalt.<br><br>Deltakar i «Nasjonalt nettverk for musikk og eldrehelse». | **USHT (konsortiedeltakar),** UiB (Griegakademiet), USHT på Vestlandet, Helse Førde, Vestland fylkeskommune |
| **VELFERDSTEKNOLOGI** | | | |
| **Velferdsteknologiens ABC** | 2016- | Arrangere oppstartsseminar ut frå etterspurnad.<br>Samordne med aktivitetar i E-helse Vestland. | **USHT (ansvarleg)** |
| **Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane.** | 2014-2021 | Spreiing og implementering av velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane. I dette samarbeidsprosjektet deltek alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane (utanom Gulen, som deltek i tilsvarande prosjekt i Hordaland). Prosjektet har vore ein del av det nasjonale velferdsteknologiprogrammet sidan 2017. Sunnfjord kommune er prosjekteigar, USHT har prosjektleiinga.<br><br>Aktivitetar 2021:<br>- Prosjektleiing, følgje opp framdriftsplan (milepelar, rapporteringar), rettleie kommunar<br>- Held fram samarbeidet med Alarmsentralen IKS kring implementering av digitalt responssenter og velferdsteknologiske løysingar.<br>- Samordne aktivitetar med prosjektet E-helse Vestland<br>- Kompetanse: Lage filmar til bruk i undervisning/fagdagar/ABC-seminar | **USHT (ansvarleg),** Kommunane i S&Fj. (utanom Gulen, som er med i Vestlandprosjektet) Vestlandsforsking, Alarmsentralen IKS, KS, Helsedir., PA Consulting |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **E-helse Vestland** | 2020 - 2025 | E-helse Vestland starta i 2020 som eit samarbeidsprosjekt mellom Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane og Vestlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi. Prosjektet er ein del av ein fleirårig plan der alle kommunane i Vestland fylke gradvis vert med. Sunnfjord kommune er prosjekteigar.<br><br>USHT er med i prosjektleiinga:<br>- Prosjektadministrering, arbeidsgruppe og prosjektgruppe<br>- Særskilt fokus på kompetanseutvikling<br>Prosjekt og aktivitetar er avhengig av ekstern finansiering.<br><br>Finansiering: Fornyingsmidlar frå Statsforvaltaren i Vestland, Nasjonalt velferdsteknologiprogram, tilskot frå Helsedirektoratet til opplæring og implementeringsstøtte for å styrke den digitale kompetanse | **USHT (samarbeidspart),** Sunnfjord kommune, velferdsteknologiprosjekta i tidlegare Hordaland/Sogn og Fjordane, Helse Vest IKT, Vestlandsforsking, HVL, USHT Vestland (Hordaland), Helse Førde/Helse Bergen, Alarmsentralen IKS |
| **Tenester til personar med utviklingshemming** | | | |
| **Mitt livs ABC** | 2018- | Fylgje opp underleverandøravtalar med Nasjonal kompetansetjeneste Aldring og helse innan Mitt Livs ABC.<br><br>**Vår 2021**<br>Perm 1: Fagseminar 1<br>Perm 2: Fagseminar 1<br><br>**Haust 2021**<br>Perm 1: Fagseminar 2<br>Perm 2: Fagseminar 2<br>Ny perm:  ABC musikkbasert miljøbehandling | **USHT (ansvarleg),** Aldring og helse, Vaksenhabiliteringa i Helse Førde |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Etablere samarbeid med aktuelle fagmiljø og instansar i regionen** | 2020- | USHT vil styrke eigen kompetanse gjennom samarbeid med aktuelle fagmiljø i regionen:<br>- Følgje opp dialogen med Helse Førde (vaksenhabiliteringa), m.a. samordne deira kurstilbod med fagseminar i Mitt livs ABC, spreie informasjon om kvarandre sine arrangement/tilbod<br>- Kartlegge om vernepleieutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Statsforvaltaren i Vestland er interessert i samarbeid med USHT og vaksenhabiliteringa. Invitere til møte om det viser seg å vere aktuelt. | **USHT (ansvarleg),** Helse Førde, Statsforvalten i Vestland, HVL |
| **Kompetanse- og kvalitetsutvikling i USHT** | | | |
| **Kommunikasjon/ digitalisering** | 2021 | Lyst ut traineestilling innan «Strategisk kommunikasjon» (eitt år).<br><br>Styrke eigen kompetanse innanfor digitale plattformer, val av metodar og verktøy (m.a. fysiske møter vs ulike digitale plattformer).<br><br>Bidra til læring og tryggleik i kommunane i bruk av digitale verktøy/kommunikasjonsmåtar. | **USHT (ansvarleg)** |

| Prosjekt/aktivitet | Tid | Tiltak 2021 | Involverte |
|---|---|---|---|
| **Vidareutvikle implementerings- og fasiliteringskompetansen i USHT** | 2019- | Vidareføre arbeidet med å styrke eigen kompetanse. Arbeide systematisk med refleksjon over og evaluering av vår eiga rolle/praksis, kollegarettleiing.<br><br>Practice Development (PD): Korleis nytte teorigrunnlag og metodar i ein norsk kontekst. Mykje av arbeidet er forskyvd inn i 2021 grunna covid-19:<br>- Avslutte arbeidet med å oversette aktuell litteratur og arbeidsmåtar frå engelsk til norsk<br>- Publisere på nettside<br><br>Forbetringsmetodikk:<br>- Evaluere forbetringsutdanninga og nytte det inn i eiga kvalitetsutvikling<br><br>Tenesteinnovasjon/-design:<br>- Brukar metodane i Veikart for tenesteinnovasjon<br>- Nytte rettleiing frå PA Consulting<br><br>Andre metodar/modellar:<br>- Etikk: Systematisk etisk refleksjon og opplæring som etikkveiledar (samarbeid med KS)<br>- Personsentrert omsorg – VIPS, TID<br><br>EISEN: Deltek på mastergradsemne ved Høgskulen på Vestlandet (7.5 st.p) knytt til implementering i helse- og sosialtjenester, utvikla innanfor European Implementation Science Education Network (EISEN). | **USHT (ansvarleg)**<br><br>Senter for omsorgsforskning vest, USHT Helse Fonna og Rogaland, HVL<br><br>Helse Førde, UiS<br><br>KS, Hdir, PA Consulting<br><br>KS<br>Aldring og helse<br><br>HVL/Senter for omsorgsforskning vest |

USHT Vestland, Sogn og Fjordane | Facebook

usht@sunnfjord.kommune.no
Marta Strandos (leiar), tlf 41 52 64 16

Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (ushtsognogfjordane.no)